



## RETNINGSLINJER BETALINGSORDNING – BETALINGSFRITAK

1. Retningslinjer gjeld for betaling av treningsavgifter, eigenandel for deltaking eller reise til turnering/konkurranse og kjøp av eller eigenandel for klubbstyr
2. Retningslinjer gjeld ikkje for medlemskontingent i Valldal IL. For gyldig medlemskap må kontingent innbetalast, jfr lov for Valldal IL § 3 og 4. Det er ikkje unntak frå dette.
3. Retningslinjer gjeld for medlem under 18 år.
4. Dersom det er vanskar med å betale utgifter nemnd i pkt 1, og dette vil vere eit hinder for å delta i aktivitet, kan medlem, foresatt eller trenar/lagleiar ta kontakt med leiar i aktuell gruppe. Følgjande løysing kan vere muleg:
  - a. Vise til NAV-kontor og mulege støtteordningar
  - b. Tilby betalingsordning for krav, innbetaling av avdrag innanfor året
  - c. Gje fritak for betaling av utsendt krav
5. Grunnlag for å vurdere nemnde løysingar kan vere
  - a. Einsleg forsørgjar
  - b. Foresatt(e) utan arbeid
  - c. Husstand med låg inntekt

Dette er ikkje uttømande og vurdering må i stor grad bygge på skjønn
6. Spørsmål om betalingsordning/-fritak skal behandlast av leiar og kasserar i undergruppe. Leiar i Valldal IL kan kontaktast. Slike saker skal ikkje takast opp i gruppestyret eller styret i Valldal IL. Saker skal behandlast konfidensielt av dei involverte.
7. Det skal gjevast informasjon om ordninga ved utsending av krav. Trenarar og lagleiarar skal vere informert om ordninga. Informasjon om ordninga vert lagt på Valldal IL si heimeside.

Vedteke av styret i Valldal IL 26.4.18